



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Møterom, Midsund Sjukeheim
Dato:	16.03.2009
Tid:	13:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 09/13	Godkjenning av protokoll	
PS 09/14	Referatsaker	
PS 09/15	Søknad om overtaking av Midøy skule	2008/588
PS 09/16	Gebyr for slamtømming 2009, andre gongs behandling.	2009/135
PS 09/17	Gebyrregulativ for vatn og avløp - 2009 2. gangs behandling.	2008/563
PS 09/18	Asfaltering 2009 - prioritering av vegar og tilskot til vedlikehald og rehabilitering i kommunar	2009/134
PS 09/19	Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Midsund	2008/110
PS 09/20	Etablering av Midsund Friluftsråd	2009/132
PS 09/21	17. mai - hovudkomiteen 2009	2009/128

Midsund, 10.03.2009

Helge Orten
Ordførar

Gunn Hole
sekretær

PS 09/13 Godkjenning av protokoll

PS 09/14 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/588-3
Arkiv: 614
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 06.03.2009

Saksframlegg

Søknad om overtaking av Midøy skule

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/15	Formannskapet	16.03.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Tidlegare Midøy skule med tomt vert lyst ut for sal. Salssummen vert lagt til ubundne investeringsfond.

Saksutgreiing:

Rådmannen syner til søknad frå Søre Midøy velforening, datert 28.19.08, om å få overta gnr 112 bnr 18, tidlegare Midøy skule for kr 1,-.

Hensikta med søknaden er å kunne nytte skulebygget til grendahus. Når det gjeld kapellet ser søkarane for seg ein leigeavtale med kommunen og at vedlikehald og strøm vert dekt av kommunen. Ein visar vidare til at ballbingen er velforeninga sin eigedom.

Kostnader

Fram til og med 1993 sto skulane oppført i regnskapsbalansen med kr 1,-.

Ved Midøy skule vart det i 1998 og 2002 lånefinansiert bygningsmessig vedlikehald. Pr. 31.12.08 er den balanseførte verdien på kr 3 358 000,- for Midøy skule. Med ei resttid på 26 år og ei rente på 4% er sum avdrag og rente årleg kr 265 000,- .

Kalkulerte driftsutgifter 2009:

Strøm	kr. 20 000,-
Forsikring	kr. 15 000,-
Søre Midøy vassverk	kr. 7 150,-
Kommunale avgifter	kr. 9 400,-
Brannvarsling	kr. 4 200,-
Vedlikehald	kr. 15 000,-
Sum	kr. 70 750,-

Vurderingar

Slik rådmannen ser det er det i hovudsak 3 val ein står ovanfor:

1. Behalde skulen
2. Overdra skulen til kr 1,- , jf. søknad
3. Selge skulen

Midsund kommune ønskjer å legge til rette for at tidlegare Midøy skule vert nytta til grendahus. Eit klart vilkår, uavhengig av dei omtala valalternativa ovanfor, vil difor være at fellesareal som gymsal, kjøkken, garderobe, ballbinge er tilgjengelig for alle. Ein står då igjen med økonomiske vurderingar knytt til dei 3 alternativane:

Ad.1 Behalde skulen

Dei årlige kostnadene for Midsund kommune knytt til drift og renter og avdrag, inkl rentekompensasjon, vil då vere på om lag kr 315 000,- pr år pr 2010.

Ad.2. Overdra skulen

Dei årlege driftsutgiftene på om lag kr 70 000,- vil her falle ifrå. Renter og avdrag, inkl. rentekompensasjon, vil pr år pr 2010 være på om lag kr. 247 000,-.

For å spare årlege avdrag på kr 131 000,- kan ein vurdere å innfri lånet på kr. 3 358 000,-. Rådmannen ser det som nærliggande at ein bruker ubudne investeringsfond til dette.

Ad.3. Selge skulen

Med eit sal av eigedommen kan ein innfri deler av lånet med netto salsinntekt, og redusere renter og avdrag avhengig av inntekt frå eit sal.

Konklusjon

Rådmannen kan ikkje ut frå ein kommuneøkonomisk ståstad tilrå at tidlegare Midøy skule vert avhenda for kr 1,-. Bygget har eit lån pr dd på kr 3 358 000,-, og ein bør søke å redusere den økonomiske belastninga knytt til dette.

Utan å ha kunnskap om dette, kan det vere andre interessentar som ønskjer å kjøpe bygget og som kan gje aktivitet og vere positivt for lokalsamfunnet og kommunen. Rådmannen vil difor tilrå at tidlegare Midøy skule vert lagt ut til sal.

Rådmannen legg til grunn at ein ny eigar kan overta kommunen sine hefte knytt til tippemiddeltildeling. Ein må same kva søke Møre og Romsdal fylke for ei slik godkjenning.

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta): Søknad frå Søre Midøy velforening

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Søre Midøy velforening



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/135-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Oddny Grete Gangstad
Dato: 09.03.2009

Saksframlegg

Gebyr for slamtømming 2009, andre gongs behandling

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/16	Formannskapet	16.03.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Med heimel i Forureiningslova § 34, vert gebyrsatsane for slamtømming 2009 vedteke endra slik det går fram av vedlegg I ”*Gebyrsatsar for slamtømming 2009, andre gongs behandling*”

Saksutgreiing:

Årsrekneskapen for 2008 viser at Midsund kommune har eit negativt fond på kr. 561 631,- når det gjeld privat slamtømming. Av dette beløpet er kr. 281 317,- for lite innbetalt gebyr (underskot) frå abonnentane og kr. 280 314,- periodisert beløp (beløp som vi har forskottert til RIR for abonnentane). Slamavskiljarane for vanlege bustadhus vert tømte kvart andre år. Midsund kommune forskotterar kostnadane med tømminga og abonnentane betalar beløpet tilbake i 4 ratar over ein to års periode. I følgje Kommunal -og regional departementet har kommunane ikkje lov til å ha negativt fond på gebyr, vi må difor låne desse midlane.

Vurdering:

For at Midsund kommune skal få underskotet i balanse i løpet av 4 – 5 år må vi i tillegg til vanleg prisauke og påslag av driftskostnadar, auke abonnementsprisen med om lag 20 %.

Etter auken i gebyrsatsane frå RIR vert det lagt fram forslag om å auke dei årlege gebyrsatsane for slamtømming til kr. 1 157,- for tankar inntil 6 m³, inkl. driftskostnadar (kronepåslag pr tank) og 20 % auke.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Som følge av auka i dei foreslegne gebyrsatsane vil Midsund kommune få dekt inn ein del av det opparbeidde underskotet. Det vert ingen administrative konsekvensar.

Geir Göncz
rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Gebyrsatsar for slamtømming 2009, andre gongs behandling
Gebyrsatsar for slamtømming 2009, K.sak nr. 2008/100
Gebyrsatsar for slamtømming 2008

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga
RIR



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/563-4
Arkiv: 231
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 06.03.2009

Saksframlegg

Gebyrregulativ for vatn og avløp - 2009 2. gangs behandling.

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/17	Formannskapet	16.03.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2009 vedteke slik det ligg føre.

Saksutgreiing:

VA gebyrregulativet for 2009 blei behandla i K – sak 08/81 den 13.11.08.

I rekneskapen for 2008 viser det seg at intensjonane i budsjettet for avløp vart ikkje oppnådd, der underskotet skulle bli "større" for å redusere fondet.

For vatn gjekk det som budsjettet, fondet minkar mot normalt nivå i 2011/12.

I 2011/12 bør ein vere nede på ca. kr 250.000 på kvar av fonda.

Ein del kommunar har begynt å behandle Gebyrregulativet 2 gonger pr. år, med forskjellige satsar på terminane.

Bruk av fond kan berre brukast til oppdekking av underskot i drifta. Ein kan ikkje bruke fond til å dekkje opp investeringane.

Vurdering:

Rådmannen tek opp "Gebyrregulativet for vatn og avløp" på nytt slik at ein kan justere satsane på nytt for 2009.

Vatn

Gebyrregulativet for vatn er i rute vedk. minsking av fondet, inga endring foreslått i 2009, frå første gang behandling. Litt stigande m3 pris frå 2010.

Vatn - økonomiplan 2009 - 2012

Grunnlag for fastsetting av vassgebyr 2009

Alle beløp i 1000 kr	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2008	2008	2009	2010	2011	2012
Investeringar						
Investering i nye anlegg	300	47	300	300	300	300
Reinvestering	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	300	47	300	300	300	300
Kostnader						
Indirekte henførb. kostnader	211	203	211	211	211	211
Drifts- og vedlikehaldsutgifter	781	501	521	526	532	537
Sum kapitalkostnader	517	464	456	468	480	491
Brutto årskostnader	1 509	1 168	1 188	1 205	1 223	1 239
Sjølvkostberekning	1 509	1 168	1 188	1 205	1 223	1 239
Inntekter						
Årsgebyr	909	966	966	980	1 010	1 030
Tilknytingsgebyr	100	66	50	50	50	50
Sum gebyrinntekter	1 009	1 032	1 016	1 000	1 060	1 080
Andre inntekter	0	45	45	45	45	45
Sum inntekter	1 009	1 077	1 061	1 045	1 105	1 125
Sjølvkostfond						
Fond pr. 01.01	878	878	787	649	471	329
Avsetning til fond / bruk av fond (+/-)	-500	-136	-169	-200	-158	-154
Sjølvkostfond etter årets endring	-378	-742	-618	-448	-313	-175
Renteberekning sjølvkostfond	-53	-45	-31	-22	-16	-9
Saldo sjølvkostfond	-431	-787	-649	-471	-329	-184
Dekningsgrad vassgebyr	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Årsgebyr - satsar						
Mengdevariabelt gebyr kr/m3	4,0	4,0	4,0	4,2	4,4	4,6
Abonnementsgebyr bustad kr/ år	1 568	1 568	1 568	1 568	1 568	1 568

Avløp

Med det driftsnivået vedk. lønn og materialkostnader samt finanskostnader ein har på avløp bør ein senke gebyret for å komme meir i balanse. Variasjon i renta kan fort forandre resultatet. Skal ein setje ned gebyret på avløp er det abonnementsgebyret (den faste delen) som må reduserast. Prisen pr m3 blir ikkje endra i 2009. Reduserer ein abonnementsgebyret i 2009 med ca 60% blir det ein inntektsreduksjon på ca. kr. 400.000. For ein bustad vil det utgjere ca. kr 1.000,-

Avløp - økonomiplan 2009 - 2012

Grunnlag for fastsetting av avløpsgebyr 2009

Alle beløp i 1000 kr	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2008	2008	2009	2010	2011	2012
Investeringar						
Investering i nye anlegg	700	55	700	500	500	500
Reinvestering	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	700	55	700	500	500	500
Kostnader						
Indirekte henhørb. kostnader	194	203	203	203	203	203
Drifts- og vedlikehaldsutgifter	665	427	427	427	427	427
Sum kapitalkostnader	502	477	471	518	547	575
Brutto årskostnader	1 361	1 107	1 101	1 148	1 177	1 205
Sjølvkostberekning	1 361	1 107	1 101	1 148	1 177	1 205
Inntekter						
Årsgebyr	653	952	552	952	952	952
Tilknytingsgebyr	53	70	50	50	50	50
Sum gebyrinntekter	706	1022	602	1002	1002	1002
Andre inntekter	0	85	85	85	85	85
Sum inntekter	706	1107	687	1087	1087	1087
Sjølvkostfond						
Fond pr 01.01	1128	1128	1104	643	529	378
Avsetning til fond / bruk av fond (+/-)	-700	-84	-497	-144	-173	-201
Sjølvkostfond etter årets endring	-428	-1044	-607	-499	-356	-177
Renteberekning sjølvkostfond	-68	-60	-36	-30	-21	-11
Saldo sjølvkostfond	-496	-1104	-643	-529	-378	-187
Dekningsgrad avløpsgebyr	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Årsgebyr - satsar						
Mengdevariabelt gebyr kr/m3	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5
Abonnementsgebyr bustad kr/ år	1 884	1 884	800	1 884	1 884	1 884

Konklusjon

Gebyrregulativet for vatn ingen endring

Gebyrregulativet for avløp vert endra med ein reduksjon på abonnementsgebyret på 60%, inga endring på den variable prisen pr. m3.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Som Gebyrregulativet.

Geir J. Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Gebyrregulativ K - sak 08/81 og forslag til nytt gebyrregulativ

Vedlegg (uprenta):Mappe

Særutskrift går til: Teknisk og økonomi



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/134-1
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 06.03.2009

Saksframlegg

Asfaltering 2009 - prioritering av vegar og "tilskot til vedlikehald og rehabilitering i kommunar"

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/18	Formannskapet	16.03.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Tangenvegen blir flytta frå tiltakspakken og ført på investeringsbudsjettet med kr. 536.000 inkl. mva. Tiltakspakken blir erstattast med :

1.1	Magerøyvegen	kr. 266.000
1.2	Holmevegen	kr. 270.000
	Sum	kr. 536.000

2. Midsund kommune prioriterer følgjande tiltak (inkl mva) knytt til asfaltering inverstering 2009:

2.1	Tangenvegen	kr	536.000
2.2	Strømsnesvegen	kr.	67.000
2.3	Søndevegen	kr	171.000
2.4	Vågsdalsvegen	kr.	193.000
2.5	Skjærvanvegen		
	litt opprusting	kr.	33.000
	Sum	kr.	1.000.000

Saksutgreiing:

I K – sak 09/5 blei ”investering asfaltering kommunale vegar” framskynda frå 2010 til 2009. Prioriteringa av vegar skulle leggjast fram på neste møte.

I K – sak 09/5 blei det også vedteke at Tangenvegen skulle opprustast med pengar frå ”tilskot til vedlikehald og rehabilitering i kommunar” (tiltaksapakken) med kr. 536.000.

Sidan det her er snakk om driftsrekneskap og investeringsrekneskap er det strenge reglar om kva for tiltak som kan førast som investering og drift.

”Utdrag frå KRS 4: Foreløpig standard (F) – Avgrensing mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap

Utgifter kan klassifiseres som påkostning i forbindelse med rehabilitering av en kommunal vei, der bærelaget styrkes og/eller gis økt veibredde, kurver rettes ut mv og hvor det legges nytt toppdekke. Utgifter kan klassifiseres som påkostning i forbindelse med en planmessig rehabilitering/utskiftning av ledningsnett for vann- og avløp, hvor eksisterende ledningsnett erstattes med nye rør etter dagens alminnelige standard

Vurdering:

For å få til ein sterkast mogeleg veg treng ein djupe vegggrøfter for å få ei tørr vegfylling som ikkje er så usett for tele og påfølgjande krakelering av asfalten. Mange av dei kommunale vegane får ekstra slitasje fordi det manglar grøfter og fordi vegen er for smal.

Dersom ein skal ha ei fullgod grøfting kjem grunnspørsmålet, kvar skal ein setje vatnet vidare med påfølgjande større kostnader.

Det som er kalkulert er ikkje ei optimal løysing vedk. grøfting.

Det er fleire vegar som treng rehabilitering/vedlikehald og asfalt enn det som det er løyvd pengar til. Derfor må kommunen setje opp ei prioritering med nokre forutsetningar:

- I denne omgang blir ikkje bustadfelta prioritert, pga. det må undersøkjast/og utførast kva som skal ned i vegen av gatelys, røyr og kablar.
- Kva for vegar som treng mest vedlikehald og gjev den beste økonomiske utteljinga på drifta.
- Den økonomisk prioriteringa skal stemme med løyvd ramme.

Rekneskapsreglane krev at ein flyttar Tangenvegen frå tiltaksapakken til investering, sidan dette er ei påkostning av vegen for å heve bæreevna og dermed hører heime på investeringsbudsjettet.

”Tiltakspakken”

Opprusting av Magerøyvegen – reasfaltering (Moloen – mot Ravnhella)

Her er enkelt plassar som må ha djupfresing, oppbygging eller utskifting av massane. Sidan strekinga ein kan asfaltere i denne omgang er nede i 700 m og ein skal ta med sjølve moloen samt så langt ein rekk med midlane mot Ravnhella. Dei store humpane len ved Ravnhella blir ikkje tatt i denne omgang, fordi asfalten er for god der.

Holmevegn

Reasfaltering og litt grøfting

Investering

1. Tangenvegen – opprusting og asfaltering (Tiltakspakken)

Denne vegen er den dårlegaste av dei kommunale vegane.

Grunnen er for svak på enkelte plassar til å tåle akseltrykka frå dagens kjøretøy.

Det fleire måtar å forsterke vegen før asfaltering:

- Djupfresing, oppbygging eller utskifting av massane, eller blanding.

Problemet med oppbygging er at vegbredda må utvidast med dertil kostnader og grunnspørsmål.

Her må ein arbeide vidare med tekniske løysingar for å finne kva som er best og billigast løysing.

2. Strømsnesvegen – nyasfaltering etter oppgraving i 2003/04

I 2003/04 var vegen totalt nedsliten og VA – ledningsnettet blei skifta ut. Etter dette har det ikkje vore pengar til å asfaltere igjen.

3. Søndevegen – nyasfaltering

Gammal riksveg som Midsund kommune har tatt over.

4. Vågsdalsvegen - nyasfaltering

Dette er vegen opp i Vågsdalen og til Fjellsenden huskrull

5. Skjærvegen – nyasfaltering (litt klargjering til seinare asfaltering)

Gammal riksveg som Midsund kommune har tatt over. Med jamne mellomrom får vi klage frå Fjord 1 om at dersom ikkje vegen blir utbetra vil dei legge bussruta på nyvegen.

Uprioritert

6. Skjærvegen – nyasfaltering

Gammal riksveg som Midsund kommune har tatt over. Med jamne mellomrom får vi klage frå Fjord 1 om at dersom ikkje vegen blir utbetra vil dei legge bussruta på nyvegen.

7. Buråsvegen - reasfaltering

Reasfaltering av heile vegen. Det som er vanskeleg her er kva skjer i framtida (dette er eit av områda med størst utbyggingspotensiale i Midsund) med utbygging der ein treng å krysse/ grave opp vegen igjen.

8. Holmevegen - reasfaltering

Her er det reasfaltering og litt grøfting.

9. Heggdalshjelen P – plass

Nyasfaltering av Heggdalshjelen P -plass

10. Stormyravegen – breddutviding og reasfaltering

Deler av vegen er for smal og asfalten er skadd.

11. Gangstadfeltet – gatelys og nyasfaltering (kommunalt bustadfelt)

Skal ein nyasfaltere her må ein ta med gatelys (og ta VA utstikk til tomtene, samt straum og telefon, dette kan dekkast av VA og dei som eig kablane.

Her er det 8 ledige tomter.

12. Krabbevikfeltet – gatelys og nyasfaltering (kommunalt bustadfelt)

Skal ein nyasfaltere her må ein ta med gatelys, og nokre VA - utstikk (dette kan dekkast av VA)

Ferdig utbygd etter reguleringsplan

13. Fjellsendenvegen

Opprusting av vegen og ny asfalt op

14. Tiriltoppenbustdfelt – nyasfaltering

Midsund kommune har tatt over delar av grunnen og vedlikehald av vegen.

Vegen opp til dei tre øvste bustadane er privat. Gatelys er montert.

15. Janset/Reiten – grøfting, stikkrenner oppgrusing.

Privat byggjefelt som Midsund kommune tok over vegvedlikehaldet. I den seinare tida har det vore flaum som går over grøftene og tek med seg grusen frå vegen. Enkelte plassar har steinar på grøftekanten rausa ned i grøfta. Skadane er ikkje utbetra.

Økonomisk oppsett

Kommunale vegar som treng asfaltering 2009

9.3.09

Tiltakspakken

Prosjekt	Lengde	Bredde	Budsjett	Kalkulert pris inkl.	
				Budsjett	mva
Magerøyvegen - opprusting (molo - Ravnhellaren)	700	4			266 000
Holmevegen - reasfaltering	700	4			270 000
Sum			536 000		536 000

Asfaltering

Prosjekt	Lengde	Bredde	Budsjett	Kalkulert pris inkl.	
				Budsjett	mva
1 Tangenvegen - opprusting	600	4			536 000
2 Strømsnesvegen - ny asfaltering	140	4			67 000
3 Sønnevegen - ny asfaltering	320	4			171 000
4 Vågsdalsvegen	390	4			193 000
5 Skjærvanvegen - litt opprusting til asfaltering	1 250	4			33 000
Sum			1 000 000		1 000 000

Uprioritert

Skjærvanvegen - ny asfaltering * - litt opprusting	1 250	4			590 000
7 Buråsvegen - reasfaltering	1 000	4			400 000
8 Heggdalskjelen P - plass, - asfalt Stormyravegen utviding og reasfaltering	35	15			77 000
9 reasfaltering	450	6			450 000
10 Gangstadfeltet ny asfalt og veglys	300	4			310 000
11 Krabbevegen - ny asfaltering	360	4			170 000
12 Fjellsendenvegen	340	4			160 000
13 Tiriltoppen - ny asfaltering	530	4			250 000
14 Jansen/ Reiten - grøfthing , grusing og asfalt					245 000
Sum			1 000 000		2 062 000

- **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen

Geir Göncz
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Økonomi og Teknisk



Midsund kommune
Raknes barnehage

Arkivsak: 2008/110-6
Arkiv: A10
Saksbeh: Birgitta Hole
Dato: 06.03.2009

Saksframlegg

Revidering av vedtektene for dei kommunale barnehagane i Midsund

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/19	Formannskapet	16.03.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Midsund blir vedteke med dei endringane som går fram av saka.

Saksutgreiing:

Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Midsund kommune blei vedtatt i kommunestyret 29.04.96. Dei har sidan blitt endra på fleire punkt. Nye endringar er no nødvendig, dette på grunn av endringar i lova som blei gjeldande frå 2009, diverse rundskriv, samt signal på ønske om endring.

Administrasjonen har tatt ein gjennomgang av vedtektene og vurdert ulike forhold. I dette arbeidet har einingsleiarane i barnehagen vore sentrale i samarbeid med tidlegare rådgjevar skule og barnehage. Det blei utarbeidd eit høyringsforslag med forslag til endringar som gjekk ut til samarbeidsutvala og foreldreråda i barnehagane og aktuelle arbeidstakarorganisasjonar. Høyringsfrist var 29.02.08, saka har sidan då ligge på vent.

Vurdering:

Rådmannen ser behov for å få ferdigbehandla saka før nytt barnehageopptak, og samtidig gjere nødvendige endringar som har samanheng med endring av barnehage-lova og sentrale retningslinjer, desse endringane har ikkje vore på høyring, og vert lagt fram som del 1.

Del 2 omfattar endringar som har vore på uttale. Når høyringsfristen gjekk ut hadde det kome inn fire skriftlege høyringsuttaler, frå Samarbeidsutvala i Midsund barnehage, Raknes barnehage og Nord-Heggdal barnehage og frå Utdanningsforbundet i Midsund kommune. Uttalene gjeld pkt. XIII. Ferie, dei andre punkta vert dermed ikkje kommentert.

DEL 1: Endringar som følgje av endringar av Barnehage-lova og sentrale retningslinjer.

VI. OPPTAK AV BARN – ENDRING I BARNEHAGELOVA.

Forslag til endring:

Barn som fyller 1 år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til barnehageplass. Det må vere søkt til hovedopptak, 1. april og barnet må vere busett i kommunen innan barnehageåret tek til, veke 33. Kommunen skal legge til rette...

Barnehage-lova § 12a lyder: "Barn som fyller ett år innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen."

Alle barn under skulepliktig alder har, etter endringar i lova pr 01.01.09, rett til barnehageplass, dette er kommunen sitt ansvar. Retten til barnehageplass gjeld frå oppstart av nytt barnehageår, veke 33. Midsund kommune har eit hovedopptak med søknadsfrist 1. april. For at barn skal ha rett til plass frå august må dei ha søkt innan søknadsfristen. Barna må vere fylt eit år innan utgangen av august og vere busett i Midsund kommune. Når det gjeld busett, er det ikkje krav om å vere folkeregistrert i kommunen. Tidspunkt for busetting står i samanheng med tidspunkt for retten til plass, altså veke 33.

VIII. FORELDREBETALING

Forslag til endring:

5. Med utgangspunkt i økonomiske forhold kan ein søkje om redusert betaling/fri-plass. Eventuell søknad rettast til NAV Midsund.

Midsund sosialkontor er flytta og i dag organisert under NAV Midsund.

XI. SJUKDOM OG HYGIENE

Forslag til endring:

Dersom barnehagen aksepterer medisinerer av barn, skal det ved kvart tilfelle gjerast skriftleg avtale med einingsleiar.

Punktet erstattar siste punkt i dagens vedtekter som omhandlar medisinerer av barn. I følgje forskrift om medisinerer av barn skal det i barnehagen gjerast skriftleg avtale ved kvart tilfelle ein medisinerer barn. Foreldra er pliktig til å gje barnehagen oppdaterte opplysningar til ei kvar tid. Personalet skal også ha nødvendig opplæring av helsefagleg personell før medisinerer vert avtalt. Dette er føresette sitt ansvar for barn i førskulealder.

DEL 2: Endringssignal frå administrasjonen, endringar som har vore ute på høyring.

XIII. FERIE

Forslag til endring:

3. Juleferie

Barnehagane har stengd jul- og nyttårsaften. Kvardagane i romjula har vanleg opningstid. Av omsyn til bemanninga må foreldra/føresette melde frå om borna kjem i barnehagen i romjula.

Kommentarar:

Utdanningsforbundet Midsund uttaler at dei ikkje ønskjer feriestenging om sommaren. Jul- og nyttårsaften og onsdag før påske bør ein stenge. Om ein framleis har open bør det vere 5 barn.

Samarbeidsutvalet i Raknes barnehage stiller spørsmål om valfrihet og brukartilpassing. Dei stiller også spørsmål om det er noko innsparing i å stenge når det er 5. ferieveke som kostar kommunen med tanke på vikarutgifter.

Samarbeidsutvalet i Midsund barnehage ønskjer å stenge jul- og nyttårsaften. Onsdag før påske vert stengt når det er mindre enn 5 barn. Når det gjeld sommarferien uttaler dei at det er lite å spare og det vert eit dårlegare tilbod, ein del føresette vil kunne bli i knipe ved stenging. Personalet har delte meiningar.

Samarbeidsutvalet i Nord-Heggdal barnehage uttaler at det bør vere individuell vurdering i dei ulike barnehagane. Ein kan stengje to veker i samråd med føresette sine behov og ønskjer.

Ferieavvikling er einingsleiar sitt ansvar å få til i samråd med føresette og personalet. Så lenge barnehagane har ope heile året, som er vanleg i dei fleste barnehagar, er dette ei utfordring for at alle skal få det slik dei helst ønskjer.

Einingsleiarane har dei siste ti åra registrert stengde barnehagar på jul- og nyttårsaften. Den eine barnehagen har vore open eit par gongar med 1-3 barn. Dei fleste i Midsund kommune har fri eller mulegheit til å ta fri desse dagane. Barnehagar i nabokommunar som Sandøy og Molde har også stengde, og personalet avspaserer timane. Når det gjeld onsdag før påske har barnehagane som regel haldt opne, og ein må då kunne vurdere det slik at det fins eit behov der.

Dei kommunale barnehagane har hatt heilårsopne barnehagar i meir enn ti år. Stenging 2 veker om sommaren vil føre til mindre brukartilpassing, og sette ein del føresette i knipe. Einingsleiarane gjer allereie i dag avtalar med føresette om endring av ferie dersom det er få barn som har meldt seg på, og som regel vert feriestenging muleg. I løpet av sommaren har barnehagane lite kostnader knytt til vikarutgifter, men avvikling av 5. ferieuke kostar og den må avviklast uansett om ein stenger 2 veker om sommaren.

Geir J. Göncz
Rådmann

Birgitta Hole
einingsleiar Raknes barnehage

Vedlegg (prenta):

Gjeldande vedtekter for dei kommunale barnehagane i Midsund
Høyringsnotat med forslag til endringar i vedtektene for dei kommunale barnehagane.
Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet, Midsund.
Høyringsuttale frå samarbeidsutvalet ved Raknes barnehage
Høyringsuttale frå samarbeidsutvalet ved Midsund barnehage
Høyringsuttale frå samarbeidsutvalet ved Nord-Heggdal barnehage

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Samarbeidsutvalet ved Midsund barnehage
Samarbeidsutvalet ved Nord-Heggdal barnehage
Samarbeidsutvalet ved Raknes barnehage
Foreldrerådet ved Midsund barnehage
Foreldrerådet ved Nord-Heggdal
Foreldrerådet ved Raknes barnehage
Einingsleiar ved Midsund barnehage
Einingsleiar ved Nord-Heggdal barnehage
Einingsleiar ved Raknes barnehage
Fagforbundet, Midsund
Delta, Midsund.
Utdanningsforbundet, Midsund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2009/132-1

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen

Orvik

Dato: 06.03.2009

Saksframlegg

Etablering av Midsund Friluftsråd

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/20	Formannskapet	16.03.2009
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Midsund Friluftsråd vert etablert. Invitasjon til deltaking går til som er aktørar innan næring, kultur, velforeiningar og organisert idrett i Midsund, jfr vedlagte adresseliste.
2. Ein representant frå alle inviterte lag møtar, og av desse veljast det 7 faste og 7 vara. Rådet sin leiar er Formannskapet sin representant.
3. Formannskapet vel som sin representant
4. Rådet si samansetjing skal spegle dei interesser som allmøtet gjev rådet i mandat, og ha minimum 1 møte i kvartalet.
5. Rådet har ei funksjonstid av 3 år, og skal evaluerast i førekant av neste kommuneval.

Saksutgreiing:

Vi bur i ein region som både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt er berømt for sin vidgjetne natur og kulturminne. Møre og Romsdal fylke satsar i fylkesplana på utvikling av det naturgitte friluftslivet i reiselivssamanheng, samstundes som naturen som næringsareal for jordbruksnæringa er på retur i vår kommune. Kulturminneforvaltning får og auka fokus, og spesielt den forvaltning som kan sjåast opp mot utfordringane i jordbruket, og som kan utvikle reiselivsindustrien.

Dei ulike utfordringane møtast med ulike typar virkemiddel frå stat og fylke si side i form av kompetanseutviklingstilbod, samt ulike tilskotsordningar som skal gje rom for kreativitet og aktiv tilpassing til dei ulike utfordringane.

Midsund kommune er del av Nordmøre og Romsdal Friluftsråd, og får gjennom dette rådet tilgang på kompetanse om utvikling, drift, aktivitet og ivaretaking av allmenta sine friluftslivsbehov. Friluftsråda samarbeider nært mot fylket med omsyn til sikring av områder av særskilt interesse for allmenta sitt friluftslivsbruk på lang sikt.

Midsund kommune arbeider med desse utfordringane i form av folkehelsekoordinator/ kulturrådgjevar som og er styremedlem i Friluftsrådet, samt det arbeid som saksbehandlar landbruk har i form av tiltaksmidlar og utviklingsprosjekt innan dette området. Frivillige lag og organisasjonar har ingen organisert samarbeidsarena med kvarandre, eller mot kommunen nær som Bondelaget og grunneigarlaget innan jakt.

Midsund kommune har tidlegare år lagt til rette for Kulturforum Midsund, som ein gjensidig uformell informasjons- og høyringsarena 2 gonger i året. Denne arenaen har ikkje fungert tilfredsstillande, då spreninga i behov hos dei ulike kulturaktørane har vore for stor til at ein felles møteplass ble relevant. Arenaen har ikkje vore vidareutvikla eller i bruk dei 2 siste åra, grunna manglande ressursar i kommunen og liten etterspurnad frå dei frivillige si side.

Ein felles møteplass for alle aktørar innan den det lokale natur- og friluftslivet hadde vore ein klar styrke i dette arbeidet . Rådet kan ha som oppgåver t.d å kome med innspel til reguleringsplanar, høyringspart i byggesaker i LNF område/ strandsonesaker/ fjell og jaktterreng, fordeling av investerings- og driftstilskot til lokale nærmiljøtiltak, rulleringsinnspel til plan for idrett- og fysisk aktivitet, prioritering av tiltak for spelemidlar, sikring av område for friluftsliv, initiativtakarar til større utbyggings- og utviklingstiltak innan friluftsliv, reiseliv og jordbruk som td merking og skilting av turstiar, parkeringsplassar, tilretteleggingstiltak med toalett og renovasjon osb.

Det er ei føresetnad at Midsund Friluftsråd er ei lokal forankring av arbeidet og målsetningane til Nordmøre og Romsdal Friluftsråd, og ikkje eit alternativ til dette medlemsskapet.

Vurdering:

Midsund kommune ved kultur/ folkehelse kan ha ein sekretariatsfunksjon ovanfor rådet, då rådgjevar for desse område og er kommunen sin styrerepresentant i Nordmøre og Romsdal friluftsråd.

Rådet kan t.d. ha 7 medlemmar, der 7 er faste og 7 er personlege varamenn. Samansetjinga skal gje ein kjønnsbalanse, der ikkje noko kjønn har mindre enn 40 % representasjon. Rådet må konstituere seg sjølv, og finne si arbeidsform med minimum 1 møte i kvartalet i ein forsøksperiode på 3 år frå 1.4.09. For deltaking i rådet får medlemmane godtgjering i tråd med reglementsordning B.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune ville ved ein slik modell styrke det faglege arbeidet innan friluftsliv, og dra nytte av statlege og fylkeskommunale ordningar for kompetanseutvikling og tilskotsordningar innan landbruk, reiseliv, kulturminneforvaltning og friluftsliv. Totalt ville dette på sikt styrke næringar knytt til landbruk og reiseliv, og gjere kommunen meir attraktiv både som bustadkommune og reiselivsmål. Rådet som opprettast skal rette seg hovudsakleg mot utfordringar knytt til friluftslivet, men vil og leggje føringar på prioriteringar av spelemidlar.

Spelemidlane på nasjonalt plan er under press, der behova er større enn tildelingane. Midlane nytta til idrettsanlegg har så langt fått hovuddelen, men dei statlege føringane no er at meir skal gå til friluftsliv.

Det kan difor bli ei interesse motsetnad mellom partane innan den organiserte idretten og friluftslivaktørane. For å fremje friluftslivet sine interesser bør difor rådet ha hovudfokus på friluftslivets behov, og ikkje vere eit felles idretts- og friluftslivsråd. Den organiserte idretten bør likevel vere representert, då dei i dag driftar og i framtida kan kome til å utvikle fleire aktivitetar innan friluftslivet. Administrativt vil kommunen på eine sida få avlastning i form av betre prosessar rundt tildeling av midlar, planrulling med meir. På den andre sida vil det binde opp administrative ressursar til møteadministrasjon. Utgiftene til politisk arbeid vil og auke med aktiviteten i rådet.

Med deltaking frå alle bydelaga og dei store frivillige organisasjonane i kommunen vil politisk verksemd kome nærare folket innan felt som opptek og engasjerer mange i form av tilbod dei gjer seg dagleg nytte av. Vi får eit lavterskel tilbod for politisk deltaking, som på sikt kan verke rekrutterande til anna politisk verksemd i lokalsamfunnet. Folkehelsekonsekvensane av at det nære friluftslivet vert utvikla og gjort tilgjengeleg for fleire er betydelege, og det same gjeld effekten av at menneskje aktivt dekk del i demokratiske prosessar rundt aktivitetane i deira lokalmiljø.

Geir J. Göncz
Rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Midsund Jeger og fiskeforeining v/ Oddbjørn Opstad, her
Midsund IL v/ Kåre Bjørnerem, her
Ræstad IL og velforeining v/ Palma Ræstad, her
Rakvåg Skyttarlag v/ Ole Ståle Sandnes
Midsund grunneigarlag (jakt), her
Midsund slekt- og historielag v/ Kåre Magerøy, her
Midsund Bondelag v/ Odd Helge Gangstad, her
Midsund Reiselivslag v/ Rino Karlsen, her
Midsund Vekst v/ Gunnar Kvalsund, her
Søre Midøy vel v/ Anita Sandnes, her
Nordre Midøy/ Blø vel v/ Anita Vølen, her
Bøen vel v/ Wenche Rakvåg, her
Ytre Midsund vel v/ Gunn Lech, her
Aksla/ Ugelvik vel v/ Åshild Stølen Godø, her
Røberg friområde v/ Jonny Høgset, her
Raknes og omegn vel v/ Ingebjørn Orvik, her
Rakvåg og Hole vel v/ Anna Lena Hole, her
Nord Heggdal vel v/ Tormod Skarsbø, her
Sør Heggdal vel v/ Aud Sylthe, her
Tiriltoppen vel v/ Atle Indrebø, her
Midsund kommune, landbruk v/ Nils Edvind Sanden
Midsund kommune Eldreråd, Ungdomsråd, råd for funksjonshemma v/ leiarane
Nordmøre og Romsdal Friluftsråd, 6631 Batnfjordsøra



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2009/128-2

Arkiv:

Saksbeh: Gunn Hole

Dato: 05.03.2009

Saksframlegg

17. mai - hovudkomiteen 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/21	Formannskapet	16.03.2009

Forslag til vedtak:

Som medlemar til hovudkomiteen for 17. mai 2009 blir desse utpeika.

Midsund: Eli Lillevestre Ræstad
Raknes: Tove Silseth Opstad
Rakvåg: Geir Morten Rørset
Akselvoll/Ugelvik: Vidar Tangen
Sør-Heggdal: Hugo Vegar Heggdal
Nord-Heggdal: Ole Kristian Remkall
Ræstad: Bodil Ræstholm
Nordre Midøy: Bjørnar Jensen
Søre Midøy: Ågne Stormyr

Varamedlemar:

1. Ann Elin Høgset
2. Ann Elise Orset
3. Bjarne Stormyr
4. Lillian Blø Rakvåg
5. Andre Vølen

Tove Silseth Opstad kallar saman komiteen.

Saksutgreiing:

Kulturstyret vedtok i 1988 at 17. mai-komiteen (hovudkomiteen) skal vere utpeikt av formannskapet.

Komiteen skal vere utpeikt frå kvar av dei gamle skulekrinsane, i alt 9 medlemar. Det skal og vere oppnemnd 5 varamedlemar i rekkjefølgje.

Geir Gôncz
rådmann

Gunn Hole
Sekretær

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):**

Særutskrift går til: hovudkomiteen for 17.mai 2009
Varamedlemmane for 17. mai 2009